



Slik presenterar Systrene Nilsen førjulstilbdet sitt

Det skjer stadig noko på Systrene Nilsen, men sidan sommarsesongen har det vore slutta selskap. No går systrene ut og ber inn til julebord. 11. og 12. november er imidlertid den første helga som er verd å kryssa av for restaurantbesøk. Då blir det frista med saute av hjortekalv, med gravlaks som forret og tilslørte bondepiker frå Hardanger som dessert.

26. november og 3. desember står tradisjonell julemiddag på menyen - med både pinnekjøtt, svineribbe og Sundepløse.

Det blir også levande musikk, lover vertskapet, som formulerar seg slik: 'Førjulsstemning i Uskedalen med levande musikk og unik meny'.